



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets transport- og kommunikasjonskomité
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1274-5

13. juni 2022

Dokument 8:251 S (2021-22) fra stortingsrepresentantane Helge André Njåstad og Silje Hjemdal om å sikra at innbyggjarane i Nordvik, Søfteland og Kalandseid slepp å betala bompengar for ein veg dei ikkje nyttar

Eg viser til brev av 22. mai i år, vedlagt representantforslag 251 S (2021 – 2022) frå stortingsrepresentantane Helge Andre Njåstad og Silje Hjemdal.

Rammene for utbygging og finansiering av E39 Svevatjørn – Rådal i Vestland fylke blei lagde ved stortingsbehandlinga av Prop. 134 S (2013 – 2014), jf. Innst. 37 S (2014-2015). Det er lagt opp til at bompengane skal dekkja i overkant av 40 pst av den samla utbyggingskostnaden, opp til kostnadsramma. Bompengeselskapet sine utlegg skal dekkast gjennom etterskotsinnkrevjing av bompengar, i bomstasjonar plasserte ved grensa mellom Bjørnafjorden og Bergen kommunar. Det er lagt til grunn 18 år med innkrevjing med ein gjennomsnittstakst for prosjektet på 30 kr (2007-kr).

Eg er kjent med at den førre regjeringa vurderte handlingsrommet for å fjerna sidevegsbommane i vedtekne riksvegprosjekt. I samband med dette blei det gjort ei ny utgreiing av økonomien for prosjektet E39 Svevatjørn – Rådal, utan sidevegsbommar. I tillegg blei det gjort utgreiingar av dei trafikale effektane, inklusivt effektar på miljø og trafikktryggleik. Dei nye utgreiingane blei lagt fram for Vestland fylkeskommune, som garantist for bompengeselskapet sine låneopptak for utbygginga av E39 Svevatjørn – Rådal. Ved behandlinga av saka fatta fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune følgjande vedtak (PS 24/2020):

«Vestland fylkeskommune syner til at vegsambandet og bompengeløysinga for E 39 Svevatjørn-Rådal er godkjend i Stortinget, og fylkeskommunen held seg til dette då fylket har


stilt garanti for planlagt innkrevjingsbeløp. Dersom Staten svekkar finansieringsvilkåra på ein måte som gjer at fylkeskommunen sine vilkår for garanti vert endra, så vil ikkje Vestland fylkeskommune stå ved sine garantiforpliktingar utover vilkåra i St.prp. for vegsambandet. Det same vil gjelda for nytt Sotrasamband.»

Eg er ikkje kjent med at den førre regjeringa gjekk vidare med saka.

Etter samtalar med dei kommunane det gjeld, er eg i ferd med å utarbeida eit oppdragsbrev til Statens vegvesen om å utgreia eit alternativt bompengelopplegg for prosjektet. Arbeidet må gjerast i nær dialog med lokale styresmakter, mellom anna med Vestland fylkeskommune. Det er ein føresetnad for oppdraget at bompengeselskapet må kunna forsvare sine plikter ovanfor kreditorane.

Eg minner elles om at E39 Svevatjørn – Rådal er omfatta av ordninga med tilskott for reduserte bompengetakstar. Dette inneber at gjennomsnittstaksten for prosjektet er redusert med 10 pst. i høve til det som blei lagt til grunn i Prop. 134 S (2013 – 2014).

Med helsing



Jon-Ivar Nygård

Kopi
Bergen kommune
Bjørnafjorden kommune
Statens vegvesen
Vestland fylkeskommune